

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Fylke: Opland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Etnedal

Emne: Julenissen

Bygdelag: Heile bygdi

Oppskr. av: Lærer Martin Lundstein Gard:

(adresse): Bruflat

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

I  
Etter det folk veit å fortelja, har julenissen ikkje vore med i folkelivet her meir enn på lag 60 år, med di det var i 1890 åri og frametter derifrå at folk tok til å bruke julenisse på joletrefestar og seinare litt etter litt ogso i heimane. Nissen elles- den gamle- er eldre ogso her i bygden, på lag 100 år meiner folk, eller frå den tid Asbjørnsen kom med sin eventyrsamling. Før den tid var det usynlege- underjordiske- haugaty- haugakall og haugatyfsor<sup>hulder</sup> som folk kunne fortelja om. (tyfse d.e. eit ungt kvinnfolk.) Det er likt til at det var teikningar på jolekort og i heftor, som sette folk på tanken om julenisse.

## II

Det er berre til born nissen kjem med gävor. Men borni kan få gävor ogso utan om nissegävone. Det har ikkje vore vanleg å traktere julenissen.

## III

Kven som helst kan brukast til julenisse, men helst ein som ikkje er altfor stor. Ein stor jolenisse har ein sjä dan sett.

## IIII

Utstyret plar vera maske med langt kvitt skjegg, raud topplue, dersom dei har, helst grå tröye, og bukse og fot- tøy som det kan falle seg.

## V

Både kjøpte og heimlaga maskor blir brukt. Er maska heimlaga, brukast granlav til skjegg.

2

VI

Julebukkar brukar ikkje på å etterlikne nissane, men brukar ofte maskor som liknar nissemaskone.

VII

At julebukkar deler ut julegå vor, kjenner me ikkje til her. Det vanlege her er at julebukkane er taterar, blekkenslagera, loddefantar eller landstrykarar osb.

VIII

Det har, so vidt ein veit, ikkje vore tale om to slags nissar her, men at det er dei vanlege nissane som når *det* blir jol, tek på seg arbeidet som jolenisse, og so når joli er slutt, går attende til arbeidet sitt i fjøs og stall og på loft og læve.

IX

Nokon sera framgangsmåte med jolenissen, veit ein ikkje det har vore brukt her.

5334

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING